



Mottakarar etter adresseliste  
E-post

Dato: 06.07.2016  
Vår ref.: 2014/10030-95  
Saksbehandlar: sveheg1  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til dialogmøte om framlegg til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune, 24. august 2016

Skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune 2017-2030 skal etter planen handsamast i fylkestinget 4. og 5. oktober 2016. Planen vart send ut på høyring 19. mai med frist for uttale 1. juli 2016. Responser viser kor viktig denne planen er for lokalsamfunna i Hordaland.

Før planen blir lagt fram for handsaming i opplærings- og helseutvalet og deretter fylkesutvalet, ynskjer fylkesordførar på vegne av fylkesutvalet ein open dialog med representantar for dei vidaregåande skulane, kommunane, lag og organisasjonar om innhaldet i planen. Dette er ikkje meint som ei utvida høyring men som eit høve til å få respons frå våre folkevalde på spørsmål og meiningstryningar.

Dialogmøtet er lagt til onsdag 24. august frå klokka 12.00 på Hotel Grand Terminus, Zander Kaaes gate 6, Bergen.

På møtet blir det høve til både å stilla spørsmål og å koma med konkrete framlegg til innhaldet i planen.

Send påmelding til [Postmottak.Opplaering@hfk.no](mailto:Postmottak.Opplaering@hfk.no) innan 19. august 2016.

Venleg helsing

Anne Gine Hestetun  
fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*